

LYTT TIL BARN

Desse korta gjer det mogeleg å lære og å reflektere om medverknad saman med barn. Dei fungerer også godt å bruke saman med unge og vaksne. Korta kan nyttast i mange samanhengar: på middag i kyrkjelyden, i ein klubb, i eit kor, i sokneråd, stabsmøte, samling for frivillige osv.



DEN NORSKE KYRKJA

RESSURSBANKEN.NO



STØRST AV ALT

Slik kan det gjerast: Sett dykk saman i grupper (3–4 personar).

- 1 Les gjennom korta og bli einige om 7 kort som gruppa meiner er dei viktigaste.
- 2 Prioriter korta og sorter dei som ein diamant.
- 3 Samtale i plenum.



Viktig! Leiaren treng ikkje forkunnskap, og her finst ingen fasit: målet er samtale og refleksjon. Det finst fleire moglegheiter for medverknad frå born som ikkje er teke med i desse korta.

Les meir på [RESSURSBANKEN.NO](https://ressursbanken.no). Korta kan lastas ned gratis derifrå. Skriv ut på tjukkast mogleg papir og klipp ut.

Du kan og sende korta til eit trykkeri. Anbefalt papir: 300 g matt. Størrelse per kort om lag 14.8 x 9.8 cm, einsidig.